

FYRESDAL KOMMUNE
Klokkarhamaren 6
3870 FYRESDAL

Dato: 31.10.2025
Vår ref: 25/28521-6
Dykkar ref:
Saksbeh.: Katrine Skajaa Gunnarsli

Oppstart av prosess for revisjon av Heiplanen - invitasjon til deltaking i arbeidet

Til ordførar og kommunedirektør

Fylkeskommunane Agder, Rogaland, Telemark og Vestland har nyleg vedteke å starte arbeidet med ei målretta og avgrensa revisjon av Heiplanen - Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. Hensikta med dette brevet er å informere om dei nylege vedtaka, og å invitere kommunane til å oppnemne representantar til ei politiske referansegruppe som ein ønskjer å involvere tidleg i prosessen. Det er ønskjeleg å samle referansegruppa til eit første digitalt møte allereie måndag 1. desember.

Bakgrunn

Heiplanen vart vedteken av Miljøverndepartementet i 2013. Bakgrunnen for vedtak om revisjon er at Heiplanen i for liten grad bidreg til å ta vare på leveområda til villreinen, slik intensjonen med planen var, og at det er ønskjeleg å oppdatere kunnskapsgrunnlaget i planen. Målet med revisjonen er å styrkje leveområda for villrein i dei nasjonale villreinområda Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei. Innafor denne ramma skal Heiplanen òg leggje til rette for ei positiv utvikling i bygdene og grendene i villrein fjella.

Meir om bakgrunnen for revisjonen og rammene for arbeidet kan lesast i saksframlegga til fylkesutval/fylkesting i høvesvis Agder (vedlagt), Telemark, Rogaland og Vestland.

Det er planlagt at revisjonsprosessen skal ta om lag to år. Det praktiske arbeidet med revisjonen vert gjennomført av Heiplansekretariatet, og Agder fylkeskommune ved Katrine Skajaa Gunnarsli skal leie revisjonsprosessen. Meir konkret informasjon om rammene for revisjonsarbeidet - kva som kan og bør reviderast, framdriftsplan for arbeidet, samt korleis medverknad for ulike interessantar kan sikrast best mogleg - vil kome fram seinare gjennom forslaget til planprogram.

Tidleg medverknad

Det er gjennom god forankring i kommunane at Heiplanen kan bli eit effektivt verkemiddel for å nå målet om å betre ta vare på leveområda til villreinen. Ein ønskjer difor, allereie no når ein går

i gang med å utarbeide planprogrammet, å etablere ei politisk referansegruppe med representantar frå dei fire fylkeskommunane og dei 16 kommunane i Heiplanområdet. Statsforvaltaren og villreinnemnda vil òg bli inviterte til å delta.

Frå dei fire fylkeskommunane er følgjande representantar oppnemnde:

- **Agder:** Arne Thomassen (H) og Lisbeth Raanes Hansen (R)
- **Rogaland:** Håvard Rørtveit (H) og Monika Kvilhaugsvik (SV)
- **Telemark:** Torgeir Fossli (V) og Heidi Therese Herum (SP)
- **Vestland:** Sigrid Handegard (SP) og Siri Sandvik (Ap)

Det blir lagt til grunn at partane i referansegruppa bidreg med eigeninnsats i form av eiga tid og egne reisekostnader. Øvrige kostnader knytte til eventuelle fysiske møte vil bli dekkja.

Kva ber vi om

Vi ber kommunen om å oppnemne éin politisk representant til å delta i referansegruppa. Det er ønskeleg at representanten har ei sentral politisk rolle, til dømes som ordførar, varaordførar eller leiar/nestleiar i eit relevant hovudutval. Namn og kontaktinformasjon til personen som blir oppnemnd (eventuelt med vara) kan sendes på e-post til katrine.skajaa.gunnarsli@agderfk.no. Det er ønskeleg med snarleg tilbakemelding, og **seinast innan 26. november 2025** (men sjå nedanfor).

Heiplansekretariatet vil òg tidleg i prosessen søkje samarbeid på administrativt nivå. Vi ber difor om at kommunen peikar ut ein kontaktperson i administrasjonen som kan vera bindeledd i arbeidet med revisjonen. Namn og kontaktinformasjon kan sendast på e-post til katrine.skajaa.gunnarsli@agderfk.no så snarleg som mogleg.

Digitalt første møte

Eit første møte i den politiske referansegruppa er planlagt **måndag 1. desember frå klokka 13:00 til 15:00**. Møtet vil vere digitalt. Vidare aktivitet og møteplan for referansegruppa vil bli fastsett i dette møtet. Vi kjem tilbake med nærare informasjon og agenda for møtet seinare.

Dersom ikkje alle kommunane rekker å oppnemne ein representant til politisk referansegruppe innan 26. november vil det første møtet bli utsett til over nyttår. Vi ber derfor om at de gir oss rask tilbakemelding dersom de treng lengre tid enn fristen vi har satt for å melde inn representant.

Kontaktinformasjon

Ved spørsmål eller ønske om meir informasjon om revisjonsprosessen ta gjerne kontakt med ein av representantane i Heiplansekretariatet:

Agder:	Katrine.Skajaa.Gunnarsli@agderfk.no	telefon: 906 32 657 (prosjektleder)
Telemark:	Ulla.Bech.Braten@telemarkfylke.no	telefon: 902 53 687
Rogaland:	Vegard.Naess@rogfk.no	telefon: 515 16 795
Vestland:	Bjorn.Snorre.Waage@vlfk.no	telefon: 476 13 110

Vi ser fram til eit godt samarbeid i det vidare arbeidet med revisjon av Heiplanen!

Med helsing

Arne Thomassen
Fylkesordførar i Agder

Brevet er godkjend elektronisk.

Mottakrar: BYGLAND KOMMUNE
BYKLE KOMMUNE
HJELMELAND KOMMUNE
HÆGEBOSTAD KOMMUNE
KVINESDAL KOMMUNE
SIRDAL KOMMUNE
SULDAL KOMMUNE
VALLE KOMMUNE
VINJE KOMMUNE
ÅMLI KOMMUNE
ÅSERAL KOMMUNE
TOKKE KOMMUNE
GJESDAL KOMMUNE
SANDNES KOMMUNE
FYRESDAL KOMMUNE
ULLENSVANG KOMMUNE

Kopi til: ROGALAND FYLKESKOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
TELEMARK FYLKESKOMMUNE